Fylkesmannen i Rogaland

Vår dato: 03.10.2019
Vår ref: 2019/8555
Dykkar dato: «REFDATO»
Dykkar ref: «REF»

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»
«KONTAKT»

Kontakt saksbehandlar
Maren Skåden, 51 56 88 32

# Invitasjon til regionale informasjonsmøte for folkevalde

Fylkesmannen i Rogaland ynskjer å invitera til tverrfaglege regionale informasjonsmøte våren 2020 for å leggja til rette for tidleg dialog og eit godt samarbeid med kommunane. Vi har invitert med fylkeskommunen som deltar på møta. Vi har også vore i dialog med KS, som inviterer til eigne samlingar.

Fylkesmannen er kontroll- og tilsynsmynde på fleire område som kommunane forvaltar. Vi skal i den samanheng sørgja for rettstryggleiken til den einskilde innbyggjar, verksemd og organisasjon ved å sjå til at grunnleggjande prinsipp som m.a. likebehandling, likeverd, sjølvstende og habilitet vert sikra i forvaltninga.

Viktige oppgåver for Fylkesmannen er å gje kommunane råd og rettleiing. Fylkesmannen skal også vera eit bindeledd og samordnar mellom stat, kommune og innbyggjar. Som eit ledd i dette er det viktig å ivareta kontakten med kommunane i det daglege, både på politisk og administrativt nivå.

Føremålet med våre regionale samlingar er å gje både nye og meir erfarne folkevalde relevant informasjon om Fylkesmannen si saksbehandling på fagområde kommunane har ansvar for. Tilsette i administrasjonen er også velkomne til å møta.

Program

| | **Tema** | **Avdeling/verksemd** |
|---|---|---|
| **09:00-09:10** | • Velkomen<br><br>Informasjon om Fylkemannen sine hovudoppgåver | v/fylkesmann Lone M. Solheim |
| **09:10-09:30** | • Informasjon om fylkeskommunen sine hovudoppgåver | v/fylkesordførar Marianne Chesak |
| **09:30-09:50** | • Når nøda er størst, er hjelpa nærmast? Kommunen sitt ansvar for sosiale tenester, barnevern og helsehjelp | v/helse, sosial og barnevernsavdelinga hos Fylkesmannen |

| | | |
|---|---|---|
| **09:50-10:00** | **Pause** | |
| **10:00-10:20** | Oppgåver og ansvar knytt til barnehage, grunn- og vidaregåande opplæring og introduksjonslova<br>Særleg om:<br>o nærskuleretten<br>o ansvarsfordelinga mellom kommune og Fylkesmann i saker om trygt skulemiljø, kap. 9a i opplæringslova | v/ utdanningsavdelinga hos Fylkesmannen |
| **10:20-10:40** | Samfunnstryggleik og beredskap, kommuneøkonomi og lovlegkontroll | v/ samfunns-, kommunal- og beredskapsavdelinga hos Fylkesmannen |
| **10:40–11:00** | **Pause** | |
| **11:00–11:20** | • Oppgåver for å sikra berekraftig utvikling og å hindra alvorleg forureining.<br>• Oppgåva med å vere pådrivar for å ivareta naturmangfald og sikra vern av trua artar og naturtypar. | v/ miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen |
| **11:20–11:40** | • Kommunen sitt ansvar på landbruksområde | v/ landbruksavdelinga hos Fylkesmannen |
| **11:40-12:00** | ***Spørsmål og diskusjon*** | |
| **12:00-13:00** | **Lunsj** | |
| **13:00–13:15** | • Samordning av statlege tilsyn og samordning mot kommunane sin eigenkontroll | v/ samfunns-, kommunal- og beredskapsavdelinga hos Fylkesmannen |
| **13:15–14:00** | • Plan og bygningsrett<br>• Fylkesmannen og fylkeskommunen som planmynde<br>• Regionalt plansamarbeid<br>• Fylkesmannen og fylkeskommunen som høyringsinstans og motsegnsstyresmakt<br>• Fylkesmannen som meklar | v/ Fylkesmannen og fylkeskommunen |
| **14:00– 14:15** | Pause | |
| **14:15-14:45** | Saksbehandling ved dispensasjonar etter plan- og bygningslova | v/ Fylkesmannen |
| **14:45-15:00** | **Spørsmål og diskusjon**<br>Vel heim! | |

***Samlingane blir regionvise. Dersom eit kommunestyre ynskjer å møte ein annan stad enn det som er føresett i tabellen under, så er det mogleg å melda seg på eit anna møte.***

***Stad, dato og frist for påmelding går fram av tabellen. Påmelding skjer via nettsida vår.***

| **Stad** | Dato (samfunn) | Frist for påmelding | Lenke til påmelding |
|---|---|---|---|
| **Dalane** *(Lund, Sokndal, Eigersund, Bjerkreim)*<br><br>Grand hotell, Eigersund | 21.01.2020 | 20.11.2019 | For påmelding klikk her |
| **Jæren** *(Sandnes, Gjesdal, Klepp, Time, Hå)*<br>*Bryne hotell og kro* | 06.02.2020 | 20.12.2019 | For påmelding klikk her |
| **Ryfylke** *(Strand, Hjelmeland, Sauda, Suldal)*<br>Folkets hus, Sauda | 03.03.2020 | 08.01.2020 | For påmelding klikk her |
| **Haugalandet** *(Haugesund, Karmøy, Utsira, Tysvær, Bokn, Vindafjord)*<br>Scandic Maritim, Haugesund | 11.03.2020 | 08.01.2020 | For påmelding klikk her |
| **Nord-Jæren** *(Stavanger, Sola, Randaberg, Kvitsøy)*<br>Energy hotel Clarion, Stavanger | 31.03.2020 | 28.01.2020 | For påmelding klikk her |

Med helsing

Lone Merethe Solheim
fylkesmann

Jan Petter Stangeland
konstituert avdelingsdirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Adresseliste:

| | | | |
|---|---|---|---|
| Stavanger kommune | Postboks 8001 | 4068 | Stavanger |
| Vindafjord kommune | Rådhusplassen 1 | 5580 | Ølen |
| Hå kommune | Postboks 24 | 4368 | Varhaug |
| Tysvær kommune | Postboks 94 | 5575 | Aksdal |
| Sokndal kommune | Gamleveien 20 | 4380 | Hauge I Dalane |
| Karmøy kommune | Postboks 167 | 4291 | KOPERVIK |
| Eigersund kommune | Postboks 580 | 4379 | Egersund |
| Rennesøy kommune | Postboks 24 | 4159 | Rennesøy |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Gjesdal kommune | Rettedalen 1 | 4330 | Ålgård |
| Forsand kommune | Fossanvegen 380 | 4110 | Forsand |
| Bokn kommune | Boknatun | 5561 | Bokn |
| Sandnes kommune | Postboks 583 | 4305 | Sandnes |
| Hjelmeland kommune | Vågavegen 116 | 4130 | Hjelmeland |
| Finnøy kommune | Rådhuset | 4160 | Finnøy |
| Sauda kommune | Postboks 44 | 4201 | Sauda |
| Randaberg kommune | Pb 40 | 4096 | Randaberg |
| Klepp kommune | Postboks 25 | 4358 | Kleppe |
| Sola kommune | Postboks 99 | 4097 | SOLA |
| Lund kommune | Moiveien 9 | 4460 | Moi |
| Utsira kommune | Postboks 63 | 5547 | Utsira |
| Time kommune | Postboks 38 | 4349 | Bryne |
| Suldal kommune | Eidsvegen 7 | 4230 | Sand |
| Strand kommune | Postboks 115 | 4126 | Jørpeland |
| Kvitsøy kommune | Kommunehusveien 6 | 4180 | Kvitsøy |
| Haugesund kommune | Postboks 2160 | 5504 | Haugesund |
| Bjerkreim kommune | Postboks 17 | 4389 | Vikeså |